



Hallingdøl frå Montana!

Ein omgjengeleg og triveleg kar, er karakteren lærarstudent Nate Nestegard (27) får etter å ha vore 2 veker på skulen i Uskedalen. Han skal vera hos oss til 28. april og då er han klar for lærargjeringa heime i USA. Skjønt heime. Nate er rett nok busett i den naturskjønne stat Montana, men eigentleg er han hallingdøl. Tippoldefaren Lars utvandra frå Ål og 26-åringen som no er på veg til å verta lærar er tydeleg stolt over å få merkelappen NORSK.



Nate saman med Uskedelselevar frå klasse 4,6 og 7 etter fotballkampen

Nate er også svært så fornøgd etter dei 2 fyrste vekene her - både med skulen der han jobbar og Rosendal der han bur. Han sleg også fast at naturen er bortimot den same, bortsett frå at fjella i Montana er 3 gonger så høge og at det er ein innlandsstat.

Typisk er det også at vi møter Nate i hektisk fotballkamp. Han innrømmer at den formen for fotball som vi praktiserar verkar noko framandarta for han, men han lovar å skjerpa seg og læra vår form før han forlet Noreg. Ellers er han skater både vinter og sommar og er på jakt etter treningstilbod.

Før Nate sette kursen over dammen hadde han gjort unna studiar både i heimstaten, Utah og på Hawaii men at han ville sette puktum i Noreg var han ikkje i tvil om. No satsar han hardt på å lære meir om røtene sine og han blar opp statistikken som fortel om kor mange av norsk avstamning som bur i USA. I Montana er det ikkje fleir enn 12 prosent men prosenten er langt høgare i byen Kalispell der han bur. Nate høyrer vel nærmast til middelklassen. Faren har skifta jobb frå flyvåpnet til slaktebutikken og når vi også tek med at systera Jessica (26) bur i Arizona med familie er det meste av familiære fakta teke med.

Nate har til tider vore litt uviss på yrkesvalet, men har ikkje vore i tvil i det siste og han er heller ikke redd for å få problem når han no skal søkja på jobb. Men hvis han kan få klaff i Utah, Arizona eller Wyoming er han glad. Han skal bli lærar for klassane frå 5 til 8. Av fag er han mest interessert i matematikk og historie.

Han er også flink til å læra frå seg, høyrer vi på skulen. Konklusjonen må bli at historia om hallingdølen som kom frå Montana til Uskedalen vert vellukka...

TEKST, FOTO OG NETT; Ola Matti Mathisen